

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 08.03.2023
FRÅ: Administrerende direktør Jon Bolstad
SAKSHANDSAMAR:

SAKA GJELD: Administrerende direktør si orientering, pkt. 5 – Masteroppgåver for farmasistudentar

ARKIVSAK: 2022/704
STYRESAK: 06/23

STYREMØTE: 15.03.2023

.....

Oppsummering

Kvart år jobbar medarbeidarar i Sjukehusapoteka Vest med å lage skisser til moglege prosjekt som kan bli gjennomført av masterstudentar på farmasistudiet ved Universitet i Bergen. Her presenterer vi tre av oppgåvene. Det tikka inn søkjarar, og det er no på plass studentar til alle tre prosjekta. Arbeidet med dei startar hausten 2023 og er venta ferdig våren 2024.

Fakta

Rundt midten av februar vart tre mogelege masteroppgåver presenterte for farmasi-studentane. Dei tre oppgåvene var høvesvis om

- *Apotekstyrt legemiddellager (ASL) i sjukehus*
 - Oppgåva skal finne fram til kva logistikkhjelp som er mest til nytte for sjukepleiarane i form av redusert tidsbruk.
- *Optimalisere produksjonsprosessen for krembase, og undersøkje om kremar kan blir framstilt magistrelt for å dekke spesielle behov hos den enkelte pasient*
 - Magistrelt er ein resept der apoteket produserer eit legemiddel slik det står på resepten
- *Risikoområdet legemiddel (ROMLE)*
 - Her ønskjer ein at studenten skal kartleggje årsaker til at legemiddel ikkje blir gitt, eller blir gitt veldig forseinka i Helse Vest. Studenten skal gjennomgå registrerte avvikshendingar i 2022 og gjennomføre djupneintervju med utvalde representantar i sjukehusføretaka.